

---

Vår referanse 2021/272-4  
Dato 01.02.2021

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - dispensasjonssøknad - kaianlegg - gnr 146 bnr 6 - Ytre Fosse - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 05.01.2021.

Søknaden gjeld ny kai og privat VA-anlegg knytt til eksisterande garveri på Ytre Fosse. Søknaden omfattar og dispensasjon frå LNF-føremål og byggeforbod i 100-meters beltet mot sjø.

Eigedomen for tiltaket ligg i uregulert område i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2032 definert som LNF. Området er og omfatta av omsynssone H570\_1 (bevaring kulturmiljø, indre farlei) og faressone H310 (ras- og skredfare).

### Uttale

Det er søkt om å etablere ny kai ved det gamle garveriet på eigedomen og ei privat VA-løysing. I «Søknad om rammetillatelse (...)» frå tiltakshavar vert det opplyst om at det går føre seg eit omfattande reparasjons- og opprustingsarbeid på det gamle garveriet. Tilkomsten til bygningen på land er tungvint og tiltakshavar ønsker å bevare og tilbakeføre tidlegare opparbeida gangvegar/stiar osv. i størst mogleg grad.

Avkøyrsla frå tilkomstvegen for eigedomen er knytt til fylkesveg 5476 Skarsvegen. Denne er regulert i «FV 404, strekninga Kvamme - Fossevatnet» med planID 1263\_201112, sist revidert 25.05.2016. Avkøyrsla er ikkje opparbeida etter planen. Dersom tiltak medføra auka eller endra bruk av avkøyrsla må dette søkast om. Tiltakshavar understrekar i søknad at det ikkje søkast om bruksendring for eigedomen, eller den gamle bygningen, som er registrert som «anna industribygg».

Det er og opplyst i søknaden at det er krevjande å få til vegtilkomst ned til garveriet utan store terrengmessige tiltak. Det er ønske om at ein ny kai skal kunne gjere det enklare for publikum å legge til med båt. Og grunna avgrensa moglegheit for tilkomst til bygget på land, er det ønske om ei betre kai-løysing for at framtidig tilkomst hovudsakleg vil skje frå sjøen. Tiltakshavar meiner med dette at krav i KDP som gjeld avklåring for tilkomstveg og avkøyrsl til offentleg veg hamnar på sida.

Vi meiner at ein må ha anleggstrafikk med i betraktning for å kunne gjennomføre tiltaka. Men dersom dette og vil skje sjøvegen har vi ikkje noko kommentarar til dette. Vestland fylkeskommune avdeling for infrastruktur og veg har elles ingen merknader til tiltaket. Vi gjer merksam på at fylkeskommunen som kulturminnemynde kan kome med eigen uttale.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*